


- 9 JUNI 1995



FISKERIRETTLEIAREN I HERØY

MØRE OG ROMSDAL



ÅRSMELDING 1993

FISKERIRETTLEIAREN I HERØY
 BOKS 105
 6090 FOSNAVÅG

TLF. 700 89908
 FAX. 700 89733

ÅRSMELDING 1993

Innhald:

Forord	S	3
1.0. Kart over rettleiardistriktet	S	5
1.1. Nemnder og styrer for perioda 1992-95	S	6
2.0. Innleiing og samandrag	S	8
3.0. Sysseletjing i næringa	S	10
a) Fiskarmanntalet/antal fiskarar	S	10
b) Sysseletjing i fiskeindustrien	S	11
c) Sysseletjing i redskapsindustrien	S	12
d) Sysseletjing i oppdrettsnæringa	S	12
e) Anna sysseletjing	S	13
4.0. Fiskeflåta	S	14
4.1. Merkerregisteret	S	14
4.2. Flåtesamansetning - konsesjonar/spesielle fiskeløyve	S	14
4.3. Fiskeriaktivitet	S	15
5.0. Fiskeindustrien	S	16
6.0. Råstoffsituasjonen - ilandført kvantum	S	17
7.0. Oppdrettsnæringa	S	19
8.0. Service for fiskeflåta	S	20

3388 / h1716

FORORD.

Herøy kommune grensar i aust og nord til Ulstein kommune og Storfjorden. I sør mot Sande kommune.

Herøy er ei øykommune som omfattar delar av Gurskøya, og dei store øyane Skorpa, Nerlandsøya, Runde, Remøy, Leinøy, Bergsøy og Flåvær.

Kommuna har totalt 540 øyar, holmar og skjær, og ei flatevidde på 130 kvadratkilometer.

Ved årsskiftet 1993/94 hadde kommuna eit folketal på knapt 8300. 6 av dei 8 større øyane er no knytte saman med bruer som gjer det lett vint for folk å kome seg til kommunesenteret i Fosnavåg der kommuneadministrasjonen ligg.

Rettleiarkontoret ligg i Fosnavåg. Det er rimelig god plass med 2 kontor og eit mindre arkivrom. Fiskerinemnda har sine møter på kontoret. Kontoret er rimelig bra utstyrt kontorteknisk.

Av hensyn til, og for bedre kontakt med brukarane, hadde det vore teneleg med eit meir sentralt plassert kontor liggjande mot hamneområdet. Dette vil verte vurdert seinare.

I meldingsåret har Johnny S. Kvalsund vore tilsett ved kontoret som kontorfullmektig utan stillingsheimel. Stillinga har vore delfinansiert gjennom Fiskeridirektoratet, Arbeidskontoret og Herøy kommune som også har stått som arbeidsgjevar. Fiskeriretteliar Odd Sævik var ansatt i 1. halvår. Etter den tid fungerte han ved kontoret ca 1 dag pr veke.

Fiskerinemnda hadde i løpet av meldingsåret 5 fiskerinemndsmøter. I tillegg vart det avholdt 15 minimøter. Sakene herfrå vart seinare framlagt for nemnda for godkjenning.

Ved kontoret vart det i 1993 journalført 449 utgåande skriv.



Kontoret har hatt ein god kontakt med kommuna og dei ulike etatane.

I ei sovidt stor fiskerikommune har rettleiarkontoret ein viktig funksjon og plass i samband med service og forvaltning overfor heile fiskerinæringa i kommuna.

Besøk og kontakt ved kontoret gjenspeglar dette.

Fosnavåg, den 11.mai 1994

S.A.Leine



1.1. NEMNDER OG STYRER FOR PERIODEN 1992 - 95.Herøy Fiskerinemnd:Medlemer:

Krf:

1. Arnt Leinebø, 6094,
Leiar

Ap:

1. Reidar Hole, 6090,
Nestleiar

Sp:

1. Hans Sande, 6095,

V/SV:

1. Stig Remøy, 6094,

H/Frp./Herøylista:

1. Knut Arne Høyvik, 6070,

Pers. varamedlemer:

1. Åse Alnes Kvalsvik
2. Randi Ervik Berge
3. Målfrid Båtsvik
4. Janne Remøy Endresen

1. Svein Rune Smådal
2. Harald Hansen
3. Jonfred Kvalsvik
4. Hjørdis Sævik

1. Herdis Nerland
2. Hans Petter Leine
3. Liv Norunn Remøy
4. Kjartan Berge

1. Odd Magne Skotnes
2. Bård Remøy
3. Margrethe Kvalsvik
4. Jan Skorpen

1. Harald Sævik
2. Sissel Frøystad
3. Ingolf Sævik
4. Einar Storøy

Fiskarbankens Takstnemnd:Medlemer:

Arnt Leinebø, Leiar
Anfinn Moltumyr
Odd Sævik (motorkyndig)

Varamedlemer:

1. Stig Remøy
2. Einar Storøy
3. Knut Sævik
4. Magne Nærø
5. Alf Nerland

HERØY HAMNESTYRE:Medlemer:

Ap:

1. Jonfred Kvalsvik
2. Bodil Notøy

SV/V:

1. Øystein Ø. Goksøyr (leiar)

Krf:

1. Knut Sævik
2. Paul Harald Leinebø

Sp:

1. Palmar Kleppe

H/Frp./Herøylista:

1. Magne Sævik (nestleiar)
2. Marit Skogen
3. Paul Reite

Varamedlemer:

1. Harald Hansen
2. Runar Stave
3. Leif Lervik
4. Inge Nærø
5. Lars Harald Moltustøl

1. Rolf Sivertsen
2. Jostein Kvalsvik
3. Gudbjørg Dale
4. Terje Lindal

1. Åse Alnes Kvalsvik
2. Arne Jøsok
3. Paul R. Kvalsund
4. Arnvid Tarberg
5. Hilda Pareliussen

1. Oddbjørg Remøy
2. Ragnvald Vågsholm
3. Hans Sande
4. Alf Nerland

1. Jan Magne Kvalsvik
2. Einar Storøy
3. Otto Myklebust
4. Hilde Nærø
5. Rigmor Voldnes
6. Knut Tandberg

2.0. INNLEIING OG SAMANDRAG:

Herøy kommune vert ofte nemnt som den største fiskerikommuna i landet. Dette kjem sjølvsagt an på kva slags mål ein legg til grunn. Det er få kommunar i landet som kan framvise ein større og meir variert fiskeflåte enn Herøy. Heile 27 av dei merkeregistrerte fartøya pr dato er over 30 m. Ingen andre kommunar i landet kan vise til så mange større fartøy. Desse fartøya utgjer meir enn 1/5 av fartøya over 30 m i Møre og Romsdal.

Også når det gjeld aktive fiskarar peikar Herøy seg ut. Antal fiskarar har gått litt ned i forhold til 1992, men er fortsatt høgt, og ikkje minst sett i forhold til folketalet i kommuna. Over 8% av folketalet i Herøy er registrert i fiskarmanntalet. Pr 1/1-93 var det vel 5.200 innbyggjarar i kommuna mellom 16 og 66 år. Dersom ein legg til grunn at ca halvparten av desse var menn, utgjorde antal fiskarar på blad B godt over 20% av den manlege delen av innbyggjarane i denne aldersgruppa i kommuna. I tillegg veit ein at eit stort antal personar som tidlegare var fiskarar no er tilsett i kystvakta, oljeverksemda til havs eller i skipsfarta. Blant desse er det svært mange som er rekruttert frå og er nær tilknytta fiskerinæringa. Fiskerinæringa og dei øvrige sjøretta næringane som har sitt utgangspunkt i fiskerinæringa utfyller kvarandre, og medverkar til ei allsidig maritim miljø- og kompetanseoppbygging.

Dette må ein seie er grunnlaget for Herøy kommune sin unike og sterke posisjon i fiskerisamanheng.

I 1993 kom førstehandsverdien frå flåta i Herøy opp i ca 418 mill. kr. (i fylje Skipsregnskap A/S). Dette er ca 42 mill. kr. meir enn året før, og det beste totalresultatet herøyflåta nokon gong har hatt.

For ein del artar, og då spesielt i sildesektoren, er ilandført kvantum frå herøyflåta langt større enn mottakskapasiteten i fiskeindustrien. Den totale verdien av landa fisk til industrien i Herøy var på ca 230 mill. kr. i 1993. Når ein ser dette i forhold til totalresultatet på ca 418 mill. kr. for herøyflåta i 1993, så ser ein at her kan liggje betydelege potensiale for meir landbasert fiskeindustri i kommuna.

Fiskeindustrien har siste åra vore i ein vekstfase. Både innan torske- og sildesektoren har ein fått auka mottaks- og produksjonskapasitet. Ein kan her nemne f.eks. Herøy Fiskeindustri A/S på Eggesbønes og utvidinga ved Sunnmørsfisk.

A/S i Fosnavåg.

Oppdrettsnæringa i kommuna må ein kunne seie hadde eit nokonlunde rimelig år i 1993. Med ein produksjon og verdiskaping litt høgare enn i 1992.

Mangel på høvelege lokalitetar skapar ein del problem for næringa. Det er å håpe på at ein gjennom prosessen med ein framtidig kystzoneplan kan få lagt forholda betre til rette for nye lokalitetar/avlastningslokalitetar for denne del av næringa.

Herøyflåta har god tilgang på dei fleste behov for service innan kommuna. Det finns 2 notbøteri, 2 reidskapsfabrikkar, den eine med velassortert skipshandel. På notbøteriet i Fosnavåg tek dei ettersyn på redningsflåtar.

Når det gjeld skipselektronikk er vi i stor grad sjølvhjelpete, då vi har forretningar som både leverar og reparar elektroniske apparat.

Den mindre kystfiskeflåta og fritidsflåta har gode tilbod når det gjeld reparasjonsverkstadar og slippar rundt om i kommuna.

I kommuna finn ein også fleire regnskapskontor som yter service til flåta. Skipsregnskap A/S i Fosnavåg som det desidert største, står sentralt når det gjeld føring av regnskap og administrasjon for mange av fiskefartøya i regionen.

Med utgangspunkt i fiskarmanntalet og innhenta tal frå ulike fiskeritilknyttta verksemder i kommuna, kan ein setje opp ei slik sysselsetjing for 1993:

-fiskarar med fiskeri som eineyrke:	600
-fiskeindustrien (årsverk):	255
-reidskapsindustrien (årsverk):	76
-oppdrettsnæringa (årsverk):	<u>23</u>
 -SUM	 <u>954</u>

Bak årsverka i fiske-og reidskapsindustrien står det mange deltidstilsette, og då i hovedsak kvinner. Av dei totalt ca 350 årsverk i fiske-og reidskapsindustrien og i oppdrettsnæringa, er ca 140-150 kvinneårsverk.

Innafor øvrige serviceverksemder og i avledda verksemder frå fiskerinæringa er det ei heil rekke årsverk som klart kan seiast å vere heilt avhengig av fiskerinæringa. Ein skal

ikkje her gjere forsøk på å kvantifisere dette, men berre peike på betraktningar som er gjort av andre og som antydar at 1 arbeidsplass ombord i fiskeflåta skapar 3 - 5 arbeidsplassar i land. Med dette som utgangspunkt kan den enkelte sjølv gjere seg tankar omkring den enorme betydning fiskerinæringa har både i og utanfor vår eigen kommune.

3. SYSSELSETTING I NÆRINGA.

A) Fiskarmanntalet/antall fiskarar:

Fiskarmanntalet skal sikre ei registrering av alle dei som bur i riket og som har fiske og fangst som næring.

Manntalet blir nytta ved tilståing av rettar og/eller sosiale stønadsordningar som gjeld for fiskara og fangstfolk. Det er "biletten" fiskarane må ha for å oppnå det som tilkjem dei av tilskot, kvotar, sjukeløn, ferietilskot, A-trygd, garantilott og andre sosiale rettar.

Fiskarane blir registrert på 2 ulike "blad" i manntalet. På blad B blir dei oppførde som antas å få minst 20 vekers full beskjeftigelse i fiske og fangst, d.v.s. folk som har fiske og fangst som hovuderverv.

På blad A blir dei oppførde som har fiske som bierverv. Reglane for å stå på blad A er ikkje så strenge. Det er mest eldre fiskara som har trappa ned aktiviteten i fiske, som er uføretrygda eller som av andre grunnar ikkje fyller krava til å stå på blad B.

Herøy har fleire rederi som driv innan supply og stand-by verksemd. Det går føre seg mykje skifting av fiskarar mellom fiskeri og denne flåten. Det kan soleis vere problem til einkvar tid å ha manntalet oppdatert.

Etter at det vart innført kvotebegrensingar på torsk og hyse er det merka eit auka press frå personar som vil registrere seg i manntalet, og då få registrert fartya sine i merkeregisteret.

Utviklinga i antal fiskarar i Herøy på blad B inndelt i aldersgrupper og på blad A for åra 1982 til 1993:

	BLAD B						BLAD A	TOT
	20år og under	21-30	31-40	41-50	> 50	Tot	Tot	A+B
1982	49	166	107	101	120	543	34	577
1983	65	168	120	95	127	569	75	644
1984	53	203	126	100	121	603	76	679
1985	71	199	117	99	109	595		
1986	70	235	149	103	119	676	91	767
1987	74	256	153	108	121	719	92	811
1988	101	241	157	107	107	713	93	806
1989	101	218	135	92	83	629	105	734
1990	51	253	120	95	97	618	126	744
1991	59	235	144	100	120	658	126	784
1992	66	203	128	98	117	612	84	692
1993	50	200	134	108	108	600	87	687

KILDE 1993: Fiskarmanntalet

Det er framleis god rekruttering til fiskerinæringa i Herøy.

Nytilmeldingar til fiskarmanntalet dei 4 siste åra:

<u>1990</u>	<u>1991</u>	<u>1992</u>	<u>1993</u>
58	45	50	43

Av dei 43 nyinnmeldte i 1993 var 12 av fiskarane 20 år eller yngre.

B) Sysselsette i fiskeindustrien:

I kommunen er det 11 fiskeindustribedrifter. Fiskeindustrien har gitt slik sysselsetting siste åra (antal årsverk):

<u>ÅR</u>	<u>KVINNER</u>	<u>MENN</u>	<u>TOTALT</u>
1990	105	123	228
1991	78	126	204
1992	83	126	209
1993	101	154	255

C) Sysselsette i reiskapsindustrien:

Vi har 2 notbøteri og 2 reiskapsfabrikker i kommuna. Desse har hatt slik utvikling i sysselsetting siste åra (antal årsverk):

ÅR	KVINNER	MENN	TOTALT
1990	-	-	ca 60
1991	32	36	68
1992	45	50	95
1993	38	38	76

D) Sysselsette i oppdrettsnæringa:

Kommuna har 4 matfiskanlegg for laks og ørret i sjø, 1 settefiskanlegg og 2 landbaserte anlegg for kveite, piggar.

Sysselsettinga har siste åra vore (antal årsverk):

ÅR	KVINNER	MENN	TOTALT
1990	-	-	ca 25
1991	-	-	ca 25
1992	2	22	24
1993	3	20	23

E) Anna sysselsetting:

Ved kontoret har det ikkje vore høve til å hente inn oppgåver over anna sysselsetting med direkte tilknytning til fiskerinæringa, herunder handelstanden, ulike foretningar og verksemdar som yter service til flåten.

Imidlertid er det heva over einkvar tvil at fiskerinæringa er grunnlaget for store ringverknader på land. Det vert hevda at for kvar sysselsatt ombord i båten, så vert det direkte og indirekte skapt fra 3 til 5 arbeidsplassar på land. Tek ein utgangspunkt i dette så ser ein den omfattande betydning fiskerinæringa i Herøy har - ikkje berre for heimkommuna, men også for nabokommunane og for andre strøk av landet

4.0. FISKEFLÅTEN

4.1. Merkeregisteret:

Flåtestrukturen har siste åra vore nokonlunde stabil, men med ein viss auke av mellomstore sjarker. For større fartøy har det vore få endringar.

Ca 29 % av flåta er større enn 10m, mens ca 10 % er over 30m. Over 78 % av fartøyene er bygd etter 1970.

Avgangen av fartøy i 1993 var 19, mens tilgangen var 22

FISKEFLÅTA I HERØY PR 31.12.93:

Lengde	Avg.	Tilg.	Sum	Byggeår						Etter 1990
				Før 1940	1940-50	1950-60	1960-70	1970-80	1980-90	
<10m	14	15	177	2	1	13	21	83	55	2
10-15	2	5	41	-	-	1	2	8	27	3
15-20	-	-	3	-	-	1	-	1	1	-
20-30	1	-	3	1	-	1	-	-	1	-
>30m	2	2	25	-	-	6	5	7	7	-
	19	22	249	3	1	22	28	99	91	5

KILDE: Merkeregisteret

4.2. Flåtesammensetning - konsesjonar/spesielle fiskeløyve.

I 1993 hadde flåta i Herøy fylgjande konsesjonar/spesielle fiskeløyve:

Ringnot: - 13 fartøy med gj.sn. konseesjonskapasitet på ca 11.020 hl. Dette er det same som i 1992.

Frysereketrål: - 4 fartøy. 1 av desse fartøya er pr dato solgt, medan 1 er gått ut av fiske grunnet forlis.

Torsketrål: - 1 fartøy.

Nordsjøtrål/industrietrål:
- 6 fartøy. Det same som i 1992.

Fartøykvote torsk:
- 45 fartøy. Dette er 1 fartøy meir enn i 1992. I løpet av året gjekk 3 av desse fartøya ut av kommunane med kvote.

Flåta i Herøy er nokså samansett med stor spreiding både i fartøystorleik og i driftsform. Dei fleste viktigaste driftskategoriane i norsk fiskerinæring er representert i Herøyflåta. Det store innslaget av moderne havgåande fartøy innan ulike fiskeri, saman med ei oppgradert og moderne kystflåte, gjer Herøy til ei av dei desidert største fiskerikommunane i landet.

4.3. Fiskeriaktivitet:

Ringnot er den dominerande flåtegruppa i herøyflåta. Herøy har saman med Austevoll dei store ringnotmiljøa i landet. Det går stadig føre seg ei opprusting og fornying av utstyr i ringnotflåta. Ein kan derfor trygt seie at flåta er i god stand. Ringnotmiljøet i kommunane fekk i 1993 ein fin tilvekst i og med innkjøpet av "Kings Bay".

Ringnotflåta hadde eit svært godt år i 1993. I hovudsak kan ein tilskrive dette eit godt makrell- og kolmulefiske.

Også innanfor reketrål og autoline var det eit brukbart år, mens kystflåten kom ut med ca same resultat som i 1992.

Nordsjøtrålarane hadde derimot ein nedgong frå 1992, noko som skuldast både lave prisar og redusert kvantum.

5.0.FISKEINDUSTRIEN.

I kommunen er det totalt 11 anlegg for mottak og foredling av fisk. Her finn vi anlegg som driv med hermetikk, røykeri, mjøl-/oljeproduksjon, fryseri, lakseslakteri, konvensjonell produksjon, etc.

Fiskeindustrien i kommunen har hatt ei brukbar utvikling siste åra. Herøy Fiskeindustri A/S på Eggesbønes hadde i 1993 sitt 1. fulle driftsår og tok imot betydelige mengder makrell. Også Fosnavåg Fryseri i Fosnavåg tok imot bra med makrell. Også Sunnmøre Sjøprodukter A/S på Molde har kome i full drift innan konvensjonell produksjon og lakseslakting. Sunnmørsfisk A/S i Fosnavåg har også siste året teke imot mykje fisk frå torske-sektoren, og er den desidert største i sitt slag i regionen. Bedrifta er for tida inne i ein stor utbyggingsfase.

Kapasiteten til fiskeindustrien i kommunen ligg godt under det flåta fører på land. Soleis burde det vere grunnlag for ytterlegare satsing på den landbaserte delen av fiskerinæringa i kommunen.

SILFAS på Molde tok imot eit kvantum som tilsvarar nesten halvparten av det industriråstoffet herøyflåten fiska i 1993. Når det gjeld sild og makrell til konsum, tilsvarde mottaket i kommunen godt halvparten av det konsumråstoffet herøyflåten førde på land.

6.0. RÅSTOFFSITUASJONEN - ILANDFØRT KVANTUM.

Herøyflåten hadde eit svært godt år i 1993, og oppnådde eit resultat på 418 mill. kr. i førstehandsverdi (Skipsregnskap A/S). Dette er det beste resultat for herøyflåten nokon gong, og understrekar den solide stilling Herøy har som fiskerikommune på landsbasis.

Bak det sterke resultatet på 418 mill. kr. står 13 ringnotfartøy, 6 industritrålarar, 2 reketrålarar, 1 fabrikktrålar, 2 autolinebåtar, 1 stor bankfiskebåt samt ei heil rekke større og mindre kystfiskebåtar og sjarkar.

FANGSTUTVIKLING I MILLION KRONER:

	1989	1990	1991	1992	1993
Ringnot	182	164	183	201	235
Reke/torsketrål	103	93	87	80	94
Line, garn, snøre, kystnot o.a.	45	46	61	61	58
Nordsjøtrål	25	27	38	35	31
<u>Sum</u>	<u>359</u>	<u>330</u>	<u>369</u>	<u>377</u>	<u>418</u>

Kilde: Skipsregnskap A/S

Av tabellen går det fram at ringnotbåtane stod for ca 56 % av fangstverdien til herøyflåta. I sildesektoren kom fangstkvantumet opp i ca 2.6 mill. hl. av dette vart 600.000 hl. levert til konsum.

For reketrålflåta var det funnet av det nye feltet Flamich Cap som berga året.

For konvensjonelle redskaper og kystflåta var det små endringar i forhold til året før. Dei 2 autolinebåtane i denne gruppa hadde også eit bra år med ein viss auke i fangstverdi.

Nordsjøtrålarane fekk eit svakare år. Dette skyldes i første rekke sterk prisnedgang og noko lavare totalkvantum.

Førebels statistikk fra Fiskeridirektoratet viser at det i 1993 vart levert ca 138.000 tonn fisk til Herøy, til ein førstehandsverdi på vel 230 mill. kr.

For å sette desse tala i eit visst perspektiv, viser same statistikk at tilsvarande tal for Nord-Tøndelag og Sør-Trøndelag tilsaman er vel 92.000 tonn fisk til ein verdi på ca 172 mill. kr.

Av fangstmengda levert til Herøy i 1993 kjem vel 12.000 tonn frå torskearta fisk og ca 122.000 tonn frå sildesektoren.

7.0. OPPDRETTSNÆRINGA.

I Herøy er det 4 anlegg i sjø for oppdrett av laks og aure. I tillegg har ein 2 landbaserte anlegg for oppdrett av kveite, piggvar og andre marine artar. I tillegg har ein eit settefiskanlegg med konsesjon for 500.000 stk smolt.

Fyljande tabell viser produksjon og verdi i matfiskanlegga for laks og aure i kommuna dei siste åra:

ÅR	ANTAL ANLEGG	PRODUKSJON TONN	VERDI MILL. KR.
1990	4	948	26,0
1991	4	1.301	39,4
1992	4	876	27,2
1993	4	909	27,5

Kilde: Fiskeridirektoratet

I 1993 var det ca 10 årsverk i desse anlegga.

I anlegget som driv smoltproduksjon var det god produksjon i 1993. Anlegget hadde 4 tilsette.

1 av dei landbaserte anlegga driv i liten målestokk med produksjon av piggvar. Her vart det nedlagt ca 1/5 årsverk. Det kan synast som produksjonen vert ein del større i 1994.

Stolt Seafarm A/S sitt landbaserte kveiteanlegg på Mjølsteinneset har etter fleire år med pionerarbeid no kome godt i gong med kveiteoppdrett. Ved inngongen på 1994 var det meir enn 140.000 stk kveite av ulik storleik i anlegget. Det vart slakta ein del fisk ved anlegget i 1993. For tida driv firmaet med ei omfattande utbygging for å få større produksjonskapasitet. I 1993 hadde anlegget 8 ansatte, herav 3 kvinner.

Totalt var det ca 23 tilsatte, derav 3 kvinner, i tilknytning til oppdrettsnæringa i kommuna i 1993.

8.0. SERVICE FOR FISKEFLÅTA.

Det er eit verft att i kommuna som driv med nybygging og reoperasjon/vedlikehald av større fartøy. Det er fleire mindre verkstadar med og utan slipp som utfører oppdrag for den veksande sjarkflåta og fritidsflåta.

I Fosnavåg er det eit notbøteri med skipshandel. Dei har også service for redningsflåtar. På Eggesbønes er det og notbøteri. Der er det og opplagsplass og slipp for mindre båtar.

I kommuna har vi hatt ein relativ kontinuerlig prosess med utbygging og/eller opprustning av allereie eksisterande havneanlegg. Etter utbygginga av havna på Leinevika er det gjort mykje arbeid for å ruste opp Fosnavåg havn. Dette arbeid er no snart ferdig.

Det er 2 reiskapsfabrikkar i Herøy. Den eine og med assortert skipshandel. Fabrikkane dei seinare åra mykje fornya og har eit vidt produktspekter som vert seld både i Norge og på eksportmarkeda.

Dei 2 bøteria og dei 2 reiskapsfabrikkane sysselset tilsaman 76 personar, derav 38 kvinner.

Utviklinga med stendig meir elektroniske og elektriske apparat ombord i flåta set store krav til ettersyn, vedlikehald og nyinstallasjonar. Også på dette området har ein forretningar i Herøy som driv.

Den store fiskeflåta i Herøy er ellers ein stor kunde på proviant, bunkers og anna utstyr til fiske som betyr mykje for handelstanden i Herøy.

Nokre få rederi har eigne kontor, men dei fleste kjøper regnskapsteneste på etablerte regnskapskontor. Det største av desse er Skipsregnskap A/S som har regnskap og administrasjon for mange av fiskebåtane i kommuna.